

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval         | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 099/20 | Formannskapet | PS   | 25.11.2020 |
| 094/20 | Heradsstyret  | PS   | 09.12.2020 |

| Saksbehandlar              | ArkivsakID |
|----------------------------|------------|
| Linda Judith Svidal Nordås | 20/2919    |

## Anmodning om busetting av flyktningar 2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune tek anmodninga frå IMDI om å busette 10 flyktningar i 2021 til følgje.

### Formannskapet - 099/20

#### FS - behandling:

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune tek ikkje anmodninga frå IMDI om å busette 10 flyktningar i 2021 til følgje."

#### AVRØYSTING:

Rådmann sitt framlegg mot Øksnes, FRP, sitt framlegg - vedteke 7 røyster  
(2AP,2SP,1H,1SV,1KRF) mot 2 røyster (FRP)

#### FS - vedtak:

Osterøy kommune tek anmodninga frå IMDI om å busette 10 flyktningar i 2021 til følgje.

### Heradsstyret - 094/20

#### HS - behandling:

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune tek ikkje anmodninga frå IMDI om å busette 10 flyktningar i 2021 til følgje."

Bjørn Tore Sund, V, gjorde slikt framlegg om tillegg: "Sentrale tilskot som følger med flyktningane skal brukast på gode tiltak for integrering og busetning av desse."

#### AVRØYSTING

##### alternativ avrøysting

Formannskapet sitt framlegg - 20 røyster (5SP,1MDG,1V,3KRF,2SV,4AP,4H)  
Frp sitt framlegg - 7 røyster (7FRP)  
V sitt tilleggsframlegg - samrøystes vedteke (5SP,1V,1MDG,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)

#### HS - vedtak:

"Osterøy kommune tek anmodninga frå IMDI om å busette 10 flyktningar i 2021 til følgje. Sentrale tilskot som følger med flyktningane skal brukast på gode tiltak for integrering og busetning av desse."

## Saksopplysningar:

### Saksopplysningar:

IMDI har bede Osterøy kommune om å busette 10 flyktningar i 2021.

Til grunn for anmodninga ligg følgjande kriterium:

- Flyktninger skal bosettes i alle landsdeler – styrt og spredt bosetting.
- Resultater i introduksjonsprogrammet over tid, samt muligheten for å få arbeid eller ta utdanning i regionen, skal tillegges størst vekt.
- Kommunens kapasitet og kompetanse til å sikre godt integreringsarbeid skal tas hensyn til ved anmodninger. Dette vurderes blant annet med utgangspunkt i kommunenes innbyggertall.
- Som hovedregel skal ingen kommune anmodes om færre enn 10 personer, med mindre det foreligger særskilte forhold.
- Kommuner med mottak, inkludert samarbeidskommuner, skal vurderes for anmodning om bosetting.
- Det skal tas hensyn til beredskap for opp- og nedbygging av bosettingskapasiteten, stabilitet i tjenestetilbudet og evne til rask omstilling. Det skal også tas hensyn til om kommunen kan busette flyktninger med store funksjonsnedsettelse.
- Det skal, som hovedregel, ikke bosettes flyktninger i områder med særskilt høy andel innvandrerbefolkning. Et område brukes her om en kommune eller bydel.
- Det skal i størst mulig grad sikres kontinuitet i bosettingsarbeidet.

(Kjelde: [www.imdi.no](http://www.imdi.no))

Det er noko usikkerhet i anmodningstala grunna Covid-19. I budsjettet for 2021 er det budsjettert med 8 nybusette.

### Bakgrunn

Osterøy kommune har busett flyktningar sidan 2014. Ein har med åra bygd opp kompetanse i organisasjonen på alle områdene ein flyktning skal kvalifiserast på: Arbeidsliv, samfunnsliv og kvardagsliv. Arbeidet bygger på forskingsbasert kompetanse.

Osterøy integrerings- og læringscenter har hovudansvaret for å busette og kvalifisere flyktningar, men samarbeidet er tett med andre relevante tenester i kommunen. Dette gjer flyktningane mindre sårbare når kvalifiseringsperioden på 5 år er over.

### Vurdering

Folkehelse: Ikkje vurdert.

Miljø: Ikkje vurdert.

Økonomi: Kommunen får eit grunntilskot per busatte flyktning, som blir delt ut over 5 år. Osterøy kommune vurderer at tilskotet per i dag dekkjer dei grunnleggjande utgiftene disse fem åra. I tillegg er det mogelegheit for å søke på andre typar behovsprøvde tilskot etter behov. Osterøy kommune brukar denne mogelegheita når dei individuelle forholda hos den enkelte flyktning krev det.

Osterøy kommune er i ein vanskelig økonomisk situasjon. For 2021 vil det bli dyrare å ikkje busette flyktningar, enn å gjere det. Dette basert på:

- Osterøy integrerings- og læringscenter må skalere ned drifta kraftig. Dette vil ta tid, og ein vil ikkje få heilårseffekt. Ein vil imidlertid miste inntektene umiddelbart.
- Ein vil ikkje lenger ha kompetansesenteret på OIL tilgjengelig for andre kommunale einingar, frivillige og private. Dette vil medføre auka belastning på andre kommunale

einingar, da ein framleis har eit ansvar for dei som ein har busett fram til no.

### **Konklusjon**

**Osterøy kommune buset 10 flyktingar i 2021. Familiesameinte kjem i tillegg.**